



Cecilie Karin Bontvedt
Bergomsvegen 1
2686 LOM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12434 - 20/71310

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
12.11.2020

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 90/8 Hauge

Tiltak: Utbetring lokk septiktank
Byggjestad: Gbnr: 90/8
Tiltakshavar: Cecilie Karin Bontvedt og Erik Bontaen Bontvedt

Viser til vårt brev av 07.09.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert at lokket på septiktanken på eigedommen dykkar med adresse Maråsvegen 146, 5955 Lindås, var eit usikra trelokk. Septiktankar som ikkje har påmontert sikra lokk, vil vere ei fare for liv og helse og for at barn og dyr kan falle ned i tanken og bli sjuke. Frist for å sikra tanken med eit forsvarleg lokk vart satt til **22.09.2020**.

I følge plan- og bygningslova (pbl) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå dykk innan fristen om at utbetring er blitt utført.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje dykk som grunneigare å montere eit nytt lokk på tanken slik at den tilfredsstillir dagens krav til standard, og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. Dette må gjerast umiddelbart. I dette brevet finn de informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

I plan- og bygningslova (pbl) § 32-1 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal forfølge brot på føresegnar gitt i eller i medhald av loven. Etter pbl § 32-3 kan kommunen gje den ansvarlege pålegg om retting av det ulovlege tilhøve som er i strid med § 28-6.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen reknar septiktanken dykkar som ikkje tilfredsstillande på grunn av manglande sikring i forhold til pbl § 28-6.

Som følgje av det ovannemnde vil kommunen å påleggje dykk å rette opp tilhøve.

Varsel om pålegg og tvangsmulkt

Med heimel i pbl § 32-2 varslar Alver kommune om at vi vil påleggje dykk å utbetre manglande sikring i tanken dersom vi innan **15.12.2020** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon frå dykk om at de allereie har gjort dette.

Med heimel i pbl. § 32-5 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom avløpsanlegget ikkje er sikra **innan 15.12.2020**.

Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 15.12.2020**.

Kva kan de gjere no?

For å unngå pålegg må de gjere følgjande:

- Montere eit nytt, forsvarlig lokk med lås på tanken.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at de har utført retting, samt biletedokumentasjon.

Dykkar rettar:

De har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om retting. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller de kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å sikre basseng og brønn på eigedommen følgjer av pbl § 28-6.
- Kommunens plikt til å forfølgje brot på føresegner i plan- og bygningslova er gitt i pbl § 32-1.
- Kommunens plikt til å gje pålegg om retting, ilegge tvangsmulkt og utferdige førelegg følgjer av pbl kapittel 32.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal

Astrid Riise

Avdelingsleiar

rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Cecilie Karin Bontvedt
Erik Bontaen Bontvedt

Bergomsvegen 1
Bergomsvegen 1

2686 LOM
2686 LOM